



## Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
070/19	Formannskapet	08.05.2019
047/19	Kommunestyret	14.05.2019

### Vedtak om åtfersdsreglar etter friluftsløva §15 for Breng i Lodalen, Stryn kommune

#### Bakgrunn for saka:

Framlegg til åtfersdsreglar (ferdselsrestriksjonar) etter friluftsløva, §15, for Breng i Lodalen har lege ute til offentleg høyring i perioden 15.mars til 15.april 2019. Vedtaket om utlegging vart fatta i sak 041/19, i møte 13.03.2019.

Vi har ikkje fått inn uttaler til framlegget og vil fremje tilrådinga om åtfersdsreglar for formannskap og kommunestyre uendra.

#### Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Lov om friluftsliv (friluftsløven) <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1957-06-28-16>
- Allemannsretten (Miljødirektoratet <https://www.norskfriluftsliv.no/hva-er-allemannsretten/>)

#### Ikkje vedlagt sakstilfang:

Lov om friluftsliv (friluftsløven)

#### Vedlegg i saka:

Åtfersdsreglar etter friluftsløva §§ 15, Breng, Stryn kommune, Sogn og Fjordane.	1405467
Framlegg til høyring av åtfersdsreglar etter friluftsløva §15 for Breng i Lodalen i Stryn kommune.	1407572
Akutte og langsiktige tiltak for ei levedyktig turistnæring i Lodalen.	1405489
Akutte og langsiktige tiltak for ei levedyktig turistnæring i Lodalen	1405490
Referat frå arbeidsmøte med grunneigarane på Tyva, Haugen og Sæten.	1405505

**Saksopplysningar:**

Etter at høyringsfristen i saka no er ute har vi ikkje fått nokon uttale til vårt framlegg til åtfersdsreglar for Breng i Lodalen. Saka er belyst i dei vedlegga som ligg til saka. Framlegg til åtfersdsreglar som vart sendt på høyring ligg i vedlegg 1405467, og forskriftsteksten er også teke inn i saksutgreiinga under «vurdering». Høyringsframlegget som låg til ettersyn ligg i vedlegg 1407572. Framlegget bygger på eit tidlegare vedtak i formannskapet om ulike typer tiltak for ei bærekraftig reiselivsnæring i Lodalen (vedlegg 1405489) og eit bakgrunnsnotat utarbeidd av rådmannen (vedlegg 1405490). Grunneigere sin deltaking i planprosessen er referert i vedlegg 1405505.

**Vurdering:**

At vi ikkje har fått nokon høyringsuttale til framlegget om åtfersdsreglar vel vi å tolke på den måten at framlegget har brei aksept både lokalt og regionalt. 17 aktuelle uttalepartar fekk høyringsframlegget direkte tilsendt, i tillegg til at ferdselsrestriksjonane vart annonsert både i lokalavisa og på kommunen sine heimesider.

*Etter vedtak i kommunen har fylkesmannen endeleg godkjenningssmynde i saka.*

Rådmannen tilrår følgjande forskriftstekst med geografisk avgrensing:

«

**Framlegg til åtfersdsreglar etter friluftsløva §§15. Breng i Lodalen, Stryn kommune, Sogn og Fjordane**

Dato	FOR-2019-...-...-.....
Publisert	.....
Ikrafttredelse	.....2019
Gjed for	Stryn kommune, Sogn og Fjordane
Heimel	LOV-1957-06-28-16-§15
Kunngjort	.....2019. kl .....
Kort tittel	Åtfersdsreglar etter friluftsløva, Stryn

Fastsatt av Stryn kommunestyre 18.05. 2019. Stadfesta av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ..... 2019 med heimel i lov 28.juni nr 16 om friluftslivet §15.

Reglane gjeld for gnr 80, bnr.1,4,5,7,8 og 9 i sameige, innafør området merka A, B og C i kartet.

**1. Formål**

Åtfersdsreglane skal sikre bevaring av kulturlandskapet på Breng som nasjonalt ikon. Reglane skal hindre ulemper for grunneigarane sin bruk av området og fremje naturvennleg friluftsliv til glede for alle.

**2. Virkeområde og iverksetjing**

Åtfersdsreglane regulerer ferdselen på Breng i Lodalen i Stryn kommune. Reglane trer i kraft straks.

### 3. Åtferd generelt

Einkvar skal opptre varsamt og omsynsfullt slik at ferdsel, opphald og aktivitetar ikkje medfører ulempe for andre eller skade på kulturlandskap, kulturminne og natur. Området skal haldast ryddig og ingenting skal etterlatast når ein forlet området.

Reglar og bruksordningar for området skal etterlevast i samsvar med informasjonsskilt og oppsynet sin nærare vegledning. Einkvar pliktar å følgje oppsynet sine tilvisningar.

### 4. Avfall og søppel

Avfall og søppel frå aktivitet på Breng skal takast med og skal leverast på ålment tilgjengelege leveringspunkt. Alle som ferdast i området skal nytte ålment tilgjengelege toalett utplassert ulike stader i Lodalen.

### 5. Bruk av open eld

Bruk av open eld, mellom anna grill, er forbode utanfor tilvist, skilta bål plass i badeområde B på kartet. Dette forbodet skal sikre bygningsmassen på Breng mot brann.

### 6. Telting og overnatting

Overnatting på Breng er forbode. Forbodet gjeld bruk av alle typer telt, campingvogner og hengekøyer (ikkje uttømmande), og omfattar heile område A på kartet. Forbodet gjeld ikkje for overnatting i sela på Breng.

### 7. Parkering av kjøretøy

Ved korttidsopphald på Breng skal kjøretøy parkerast på tilviste, skilta parkeringsplassar, avmerka på kartet som område C og D. Parkering av kjøretøy på vegskulder ned mot Lovatnet er ikkje tillate.

### 8. Dispensasjon

Stryn kommune kan i spesielle tilfelle gje dispensasjon frå åtferdsreglane.

### 9. Brot på reglane

Brot på åtferdsreglane kan medføre bortvisning frå området og straffeansvar etter friluftslova § 39.



### Kart

Området merka A omfattar totalarealet som reglane gjeld for, inkludert også område B, C og D. Område B er eit ålment tilgjengeleg badeområde og område C ei tilrettelagt korttidsparkering for buss og bil. Område D vil verte/er tilrettelagt som korttids parkeringsplass.

#### *Utfyllande merknader til åtfersdsreglane:*

Pkt 9 Brot på reglane:

Stryn kommune har oppsynsmynde i området i høve åtfersdsreglane og anna mynde etter friluftsløva».

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Stryn kommune gjer vedtak om åtfersdsreglar etter friluftsløva §15 for Breng i Lodalen slik det går fram av regelverk og kart i saksutgreiinga.

Vedtaket kan påklagast. Fylkesmannen er klagesakshandsamar.

#### **Formannskapet 08.05.2019:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg samrøytes tilrådd.

#### **FO- 070/19 Vedtak:**

Stryn kommune gjer vedtak om åtferdsreglar etter friluftsløva §15 for Breng i Lodalen slik det går fram av regelverk og kart i saksutgreiinga.

Vedtaket kan påklagast. Fylkesmannen er klagesakshandsamar.

**Kommunestyret 14.05.2019:**

**Handsaming:**

Frode Briksdal hadde forlete møtet. Det var 24 røysteføre. Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

**KS- 047/19 Vedtak:**

Stryn kommune gjer vedtak om åtferdsreglar etter friluftsløva §15 for Breng i Lodalen slik det går fram av regelverk og kart i saksutgreiinga.

Vedtaket kan påklagast. Fylkesmannen er klagesakshandsamar.